



## **Husmannstovetreff på Kvemmadokkje Husmannsplass 16.juli 2016**

Kvemmadokkje Husmannsplass på garden Børsheim i Ulvik markerar i år 10 års jubileum med "Husmannstovetreff" med kulturelt innhald.

Tidlegare år har det vore konserter og framsyningar med Leif Ove Andsnes, Arja Saijonma, Alexander Rybak, Frikar dansekompani, teater av Visjoner Teater med Juni Dahr. Alt saman føregår utandørs i allslags vær. I Kvemmadokkje tek me imot gjester til små og store samkomer. Her får dei alt frå enkel servering til større middagar, og historia om staden og husmannslivet og omvising i den restaurerte husmannstova fylgjer med på kjøpet.

I år vert det konsert i tunet med folkemusikalsk klangbotn, noko som skulle høva godt på denne kulturstaden (som i 2013 fekk Fylkesmannen i Hordaland sin Kulturlandskapspris.)

**Åsmund Nordstoga** og **Sigrid Moldestad** med folkbandet **Sver** har ei ny samansetning som kallar seg "Fyrsteslåtten". I tillegg til desse vil lokale aktørar innan folkemusikken som **Rannveig Djønne**, **Annlaug Børsheim**, **Eli Børsheim Kvåle** og **Torkjell Lunde Børsheim** delta på konserten. Ei rekkje anerkjente og folkekjære artistar som alle er blant dei beste i sin sjanger i Noreg/Sverige, og har gjort seg kjente i nasjonale medier dei siste åra.

Det vert som vanleg servert tradisjonskost og husmannskost i form av vassgraut, spekesild og potet, spekemat, kaffi og lappar. I tillegg vil verterne fortelje litt om husmannsplassen og husmannslivet.

Husmannstovetreffet er eit vårværhengig utandørsarrangement som samlar unge og eldre frå heile regionen, jamvel frå Bergenskanten.

Sjå meir om staden og arrangementet på heimesida vår [www.kvemmadokkje.no](http://www.kvemmadokkje.no) eller [www.facebook.com/kvemmadokkje](https://www.facebook.com/kvemmadokkje).

Med beste helsing,

Vertskapet

Toril Lunde Børsheim og Johan Børsheim

